



Milj, verndepartementet
Pb 8013 Dep
0030 OSLO

Deres ref: 200601319

Vår ref: LS/, s

Oslo 12.04.2007

HØRING - DET NORSKE KVOTESYSTEMET FOR 2008-2012 - UTKAST TIL ENDRING AV LOV OM KVOTEPLIKT OG HANDEL MED KVOTER FOR UTSLIPP AV KLIMAGASSER (KLIMAKVOTELOVEN)

Fagforbundet for Industri og Energi organiserer tilsette i industri og energiverksemnd i Noreg. Forbundet blei starta 4. september i 2006 og er ei samanslutting av dei tidlegare forbunda NOPEF og Norsk Kjemisk Industriarbeiderforbund. Forbundet er med sine 45.000 medlemmer eit av LOs største forbund. Medlemmane er sysselsett innan olje- og gassindustrien, solindustri, farmasøytisk industri, aluminium og annan metallproduserande industri.

Industri Energi er i all vesentleg grad positiv til regjeringa sitt framlegg til klimakvotesystem for 2008-2012. Me meiner at norsk industri må ha same vilkår som tilsvarande industri i EU. Bortsett frå nokre unntak, ivaretek framlegget til kvotesystem dette.

Industri Energi er av den klåre opptatting at norsk industri er blant den mest miljøvenlege i verda. Difor er miljøomsyn, i tillegg til å oppretthalda arbeidsplassar og verdiskaping i fastlands-Noreg, eit viktig argument for at norsk industri må ha gode rammevilkår. Det eraukande etterspurnad i verdsmarknaden etter dei aller fleste varene norsk industri produserer. Rammevilkår som fører til nedlegging av produksjon i Noreg, vil difor føra til at produksjonen vert flytta til land med låge eller ingen miljøkrav og med sterkt forureinande energiproduksjon. Resultatet vil bli auka utslepp av klimagassar og andre miljøskadelege utslepp.

Industri Energi er positiv til at Noreg implementerer EUs kvotehandelsdirektiv og at norsk industri dermed kan kjøpa og selja kvoter i EUs kvotemarknad. Prosessen med implementeringa har diverre drege alt for langt ut i tid. Me vil understreka at det er viktig at direktivet vert implementert så raskt som mogeleg, og at norske styresmakter bidreg til å rydda av vegen eventuelle hindringar for at det kan skje.

Regjeringa sitt framlegg til kvotesystem skil seg frå EU sitt system ved at ny industri eller utviding av eksisterande verksemder ikkje vert tildelt kvotar. Dette kan slå uheldig ut for konkurransesituasjonen for nye og eksisterande norske industriarbeidsplassar. Det kan og bidra til at investeringar i ny og meir miljøvenleg produksjon ikkje vert gjort i Noreg. Industri Energi meiner difor at det må setjast av ein kvote til miljøvenlege nyetableringar og kapasitetsutvidingar i eksisterande industri etter referanseperioden 1998/2001 og fram til Kyoto-periodens utløp i 2012.

Industri Energi er tilfreds med at olje- og gassindustrien er med i kvotesystemet og at det vert innretta slik at denne industrien får om lag same utsleppskostnader som i dag. Gassterminalane derimot får betydeleg auka utgifter med Regjeringa sitt framlegg til kvotelov. Dette skuldast at Kårstø-terminalen har hatt betydelige kapasitetsutvidingar sidan referanseåra 1998-2001. Gassterminalar er som annan



fastlandsindustri, konkurranseutsett. Dersom norske terminalar bli pålagt utgifter i den storleik det her kan verta snakk om, fryktar me at aktørar på norsk sokkel ved vurdering av ulike utbyggingsløysingar, vil velja løysingar som inneber eksport av gass direkte til gassterminalar i til dømes Storbritannia. Det vil vera ei svært uheldig utvikling og vil mellom anna føra til auke i ein allereie for stor "rikgasslekkasje". Me registrerer og at oljeraffineria får betydeleg auka utgifter med det føreslegne kvotesystemet. Me legg likevel til grunn at det også for raffineria sin del vert skilt mellom utslepp frå energiproduksjon og prosessutslepp.

Fleire verksemder innan ferrolegeringsindustrien og prosessindustrien har store potensiale for energigjenvinning. Kvotesystemet må ikkje innrettast slik at det vert mindre økonomisk interessant å utnytta denne energien. Det må difor ikkje vera kvoteplikt for energigjenvinningsanlegg i verksemder som elles ikkje har kvoteplikt.

Industri Energi er sterk tilhengar av internasjonale forpliktande miljøavtalar. Noreg må bidra aktivt til slike avtalar, inkludert ein klimaavtale etter 2012, post-Kyoto. Ein slik avtale må omfatta fleire land, fleire sektorar og ein større del av verdas samla klimagassutslepp. Først nå ein slik avtale føreligg og EU har laga eit rammeverk for oppfølging av denne kan me ta stilling til korleis detaljane i Noregs klimapolitikk skal vera etter 2012. Me meiner difor det er for tidleg nå å slå fast at det ikkje skal tildelast vederlagsfrie kvotar etter 2012.

Det europeiske klimakvotesystemet vil bidra til høgare kraftprisar ved at kolkraftverka i Europa får auka kvotekostnader. Dette vil og bidra til pressa kraftprisane oppover i den nordiske marknaden. Auka kraftprisar gjer at resten av den kvotepliktige industrien får "dobbel" kvotekostnad – både frå eigne utslepp og i form av auka kraftprisar. Dette kjem i tillegg til det generelle presset i kraftmarknaden og at dei langsiktige kraftavtalane for prosessindustrien går ut. Tilsvarande industri i Europa står framfor den same utfordringa. Utforminga av den nasjonale og europeiske klimapolitikken må difor ta omsyn til denne utfordringa, elles er me redd at prosessindustrien i vår del av verda vil bli utfasa.

Industri Energi meiner det er særskilt viktig at industri som legg ned i løpet av Kyoto-perioden ikkje vert tildelt kvotar eller kan selja tildelte kvotar. Me er difor positive til at det vert innført ein regel om dette, slik Regjeringa vurderer.

Med helsing
Industri Energi

Leif Sande
Forbundsleiar